

Vedlegg til rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 - 2030

TILBOD I LUSTER MED FOKUS PÅ RUSARBEID

Tidleg innsats – førebyggjande arbeid

Det er brei semje om at førebygging av skadeleg bruk av rusmidlar både kan og må førebyggast. Tidleg innsats ein sentral strategi for å forhindre at skade som følgje av rus oppstår eller utviklar seg.

Med tidleg innsats meiner ein både at det blir sett i gang tiltak så snart ein har registrert ein risiko eller eit behov uansett alder, og at den yngste aldersgruppa blir prioritert. For ungdom og vaksne kan tidleg innsats bl.a. handle om å tidleg fange opp skadeleg bruk av rusmidlar.

For eldre kan tidleg innsats handle om å gi den enkelte god nok kunnskap om korleis eigen helsesituasjon og medikamentbruk blir påverka ved bruk av rusmidlar, endra effekt av alkohol m.m.

Rusførebyggjande tiltak rettar seg mot heile befolkninga. Det er eit felt med mange kontaktpunkt og mange aktørar, og det viktigaste arbeidet skjer i nærmiljø og i kommunen. Førebyggingstiltak som tek sikte på å styrke foreldrerolla kan ha positiv effekt på barnet sin psykiske helse og livskvalitet. Kommunen har difor satsa på foreldrekurs. Hovudsatsinga er på universelle tilbod, altså tilbod til alle, noko som er i samsvar med nasjonale tilrådingar.

Det er ikkje slik at alle personar som er utsett for bestemte risikofaktorar nødvendigvis utviklar rusproblem. Faren for å utvikle eit rusproblem er knytt til den enkelte sin samla livssituasjon. Kunnskap om risiko- og beskyttande faktorar er viktig å ta omsyn til i møte med individ og familiar. Også på systemnivå er det nødvendig å planlegge for struktur som bidreg til beskyttelse, som til dømes gode barnehage- og skulemiljø, gode bu- og nærmiljø, kultur- og fritidstilbod for alle, inkluderande arbeidsliv mm.

Frisklivssentralen Sogn bør inngå som ein sentral aktør i tidleg innsats, med kompetanse på helsefremjande vanar og endringsprosessar.

Aktivitetstilbod

Luster er ein stor geografisk kommune som har mange bygder med kvar sine særpreg. Bygdene har sine sosiale møteplassar og sine lag og organisasjonar. Tradisjonelt har det vore viktig å satse på aktive nærmiljø og bygder ved å oppretthalde skular og barnehagar. [Ei oversikt over aktivitetstilbod og møteplassar i bygdene i Luster kommune viser eit mangfald med ulike aktivitetar.](#) (Den er ikkje oppdatert men er likevel ei fin oversikt). Kommunen nyttar den digitale [Aktivitetskalendaren Friskus](#) for det som skjer i Luster. Den er gratis å bruke, og alle som tilbyr aktivitetar i Luster kommune kan bruke Friskus. Ein kan og bruke Friskus til å rekruttera frivillige. Ikkje minst kan alle innbyggjarar, anten dei vil delta på aktivitetar eller engasjera seg som frivillig, nytta Friskus.

Luster har mange tilbod til barn og unge: Ungdomsklubbar, Kulturskule, Luster danseverkstad, Sogn skisenter, FriMoro, ferieaktivitetar og Lustrabadet, i tillegg til eit rikt lag og organisasjonsliv. I bygdene er det gode nærmiljøanlegg for barn og unge til å driva med eigenorganisert fysisk aktivitet. Skular og samfunnshus vert nytta både til organisert og uorganisert aktivitet.

Økonomi skal ikkje vere til hinder for at barn og unge skal få moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar derfor har kommunen etablert [Luster Fritidsfond](#). Fritidsfondet er eit samarbeid mellom offentleg sektor, frivillig sektor og næringslivet i Luster kommune. Fritidsfondet si målgruppe er barn og unge i alderen 0 - 18 år som bur i Luster kommune og lev i familiar der økonomien er til hinder for deltaking i organiserte fritidsaktivitetar. Luster frivilligsentral tilbyr gratis utlån av utstyr. Forsking syner at på vidaregåande nivå er den uorganiserte aktiviteten viktig. Meir omtale og statistikk kan ein lese i [Folkehelseoversikt 2024 - 2028 Luster kommune](#).

Ungdomsklubb og Rocket Man

For å førebygge rus må me skape positive alternativ og legge til rette for at ungdom kan finne sin plass i nærområdet i lag med venner.

Ungdomsklubben i kommunen har vist seg å vere ein viktig og populær møteplass for ungdom. Det kjem tydeleg fram i Ungdata-tala frå 2024. Mellom 40 og 60 ungdom kjem kvar gong det er opent. Opninga av Hafslø ungdomsklubb i haust vil styrke tilbodet ytterlegare.

Ungdommane beskriv klubben som ein inkluderande og trygg stad der dei kjenner seg velkomne, og opplever sosialt fellesskap på tvers av trinn og skular. Det er ein stad der dei kan «berre vere», utan krav til prestasjon eller sosial samanlikning.

Ungdomsmedverking har vore ein viktig suksessfaktor for klubben. Ungdommane har vore aktive i avgjerder, både i utforming av reglar og dagleg drift. Dette har skapt eigarskap og ansvarskjensle, og bidrege til eit trygt miljø. Deira engasjement gjer klubben til deira eige stad, der dei vaksne på klubben har tillit til at ungdommane tek vare på lokalet.

Det blir servert gratis mat kvar gong, noko som sikrar eit tilbod som inkluderer alle, uavhengig av sosioøkonomisk bakgrunn. Gratis mat og gratis deltaking i fritidsklubb er avgjerande for å redusere ulikskap i ungdoms fritidstilbod og motverke utanforskap.

Kommunen si satsing på ungdomsklubbar som inkluderande, rusfrie møteplassar er i tråd med nasjonale tilrådingar om å utvikle opne og trygge arenaer som fremjar sosial utjamning, førebyggjer psykiske helseutfordringar og gir auka livskvalitet. Gjennom å styrkje ungdomsklubbane bidreg kommunen til eit førebyggjande arbeid som gir ungdom eit positivt alternativ til rusbruk.

Rocket Man – Tryggleik, mestring og tilhøyrighet som rusførebyggjande tiltak

Rocket Man er eit prosjekt for ungdom i alderen 13–18 år, med mål om å fange opp unge som står i fare for å falle utanfor eller slit med å finne si plass i livet. Prosjektet skapar ein inkluderande og trygg arena med fokus på tryggleik, mestring og tilhøyrslø, der ungdom får moglegheit til å vere seg sjølve, verte verdsette for den dei er og oppleve mestring gjennom varierte aktivitetar.

Eit sentralt element i prosjektet er aktivitetsguidar – unge vaksne som fungerer som ein storebror eller storesøster for ungdommen. Desse gir tett oppfølging, støtte og hjelp til å ta gode val. Rocket Man-prosjektet legg til rette for rusfrie og positive møteplassar og fremjar gode relasjonar mellom ungdom og positive rollemodellar. Gjennom kjeke aktivitetar får deltakarane kanalisert energi på ein sunn og meningsfull måte, samstundes som prosjektet styrkjer sosial inkludering og motverkar utanforskap.

Prosjektet er ein viktig del av kommunen sitt rusførebyggjande arbeid og bidreg til auka livskvalitet, tryggleik og tilhøyrslø blant unge i lokalsamfunnet.

Grunnskule


All undervisningsaktivitet i grunnskulen skal vera forankra i læreplanverket. Det er overordna del og dei einskilde læreplanane i faga som legg føringar for det faglege innhaldet i opplæringa. Gjennom den eigenutvikla nettressursen www.meistrelivet.no har grunnskulane i kommunen tilgang på ulike undervisningsopplegg om rus og rusførebygging på ulike alderssteg. Fleire av skulane har også lokale tiltak og undervisningsopplegg som dei gjennomfører regelmessig på bestemte årssteg med samarbeidspartar/ressurspersonar.

Læreplanen

Rusførebygging er ein del av læreplanverket i LK20 gjennom det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring og faga naturfag, samfunnsfag, KRLE og mat og helse. Samanlikna med førre læreplanverk – Kunnskapsløftet 2006 – er det færre kompetansemål der rusmiddel og livsstil er konkret nemnde. Handlingsrommet ligg difor i stor grad i tverrfaglege opplegg som femnar om målsetnader både frå overordna del og frå kompetansemål i fagplanane.

Folkehelse og livsmeistring

Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema i skulen skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gir høve til å ta ansvarlege livsval. I barne- og ungdomsåra er utvikling av eit positivt sjølvbilet og ein trygg identitet særleg avgjerande.



Eit samfunn som legg til rette for gode helseval hjå den enkelte, har stor betydning for folkehelsa. Livsmeistring dreier seg om å kunne forstå og å kunne påverke faktorar som har betydning for meistring av eige liv. Temaet skal bidra til at elevane lærer å handtere medgang og motgang og personlege og praktiske utfordringar på ein best mogleg måte.

Aktuelle område innanfor temaet er fysisk og psykisk helse, levevanar, seksualitet og kjønn, rusmiddel, mediebruk, og forbruk og personleg økonomi. Verdival og betydninga av meining i livet, mellommenneskelege relasjonar, å kunne setje grenser og respektere andre sine, og å kunne handtere tankar, kjensler og relasjonar høyrer òg heime under dette temaet

Livsmeistring: Robuste barn og unge

Eit av resultatane i prosjektet *Livsmeistring: robuste barn og unge* er eit nytt helsefremmande tiltak for barn og unge i kommunen. Barn og unge får no jamleg opplæring i folkehelse og livsmeistring frå barnehage og ut ungdomsskulen. Elevar på 1.- 10. trinn har gjennom ressursen www.meistrelivet.no tilbod om undervisning kvar veke i 10 ulike tema fordelt utover skuleåret: Vennskap, nettvett, økonomi og levevanar, takknemleg, relasjonar, kropp, kjensler, rus, verdier og val og mangfald.

Utarbeiding av innhald til undervisninga har skjedd i tett samarbeid med lokal ungdom og tenester i kommunen, m.a. helsestasjon, oppvekst, politiet, psykisk helseteam, folkehelse og Frisklivssentralen Sogn. Det er blitt utarbeida ei undervisningsøkt i veka for 1.- 10.trinn til kvart av dei 10 tema, noko som tilsvara 400 undervisningsøktar til saman. Undervisningsopplegga og lærarrettlegg til desse ligg tilgjengeleg for alle skulane i landet på nettressursen: www.meistrelivet.no.

Satsinga er ein del av Helsedirektoratet sitt program for folkehelsearbeid i kommunane der hovudmålet er å fremje befolkninga si psykiske helse og livskvalitet, og eit godt rusførebyggjande arbeid med barn og unge som prioritert målgruppe.

Undervisningsopplegget vert spreidd frå skule til skule gjennom mellom anna positive referansar og tilbakemeldingar frå tilsette og gode erfaringar i klasserommet.

Hjartesamling i barnehagane

«Hjartesamling» er eit nytt tiltak for barnehagane. Det er ein metode for å gje barn språk og verktøy til å fortelje om det som er vanskeleg og er eit førebyggjande arbeid mot vald og seksuelle overgrep. Samlingane er lagt opp etter fem tema som alle er viktige trinn i utviklinga av språk og forståing som gjer det mogleg for barna å sei ifrå (NOK. Sogn og Fjordane: Årsmelding 2024). Desse tema er: Berøringar, kjensler, vennskap, kroppen og hemmelegheiter. NOK. Sogn og Fjordane har bidratt med sin kompetanse i planleggingsfasen og har undervist alle tilsette i barnehagane i Hjartesamling. Barnehagane bruker metoden i samtalar med barna for å gje dei kunnskap om desse viktige tema. «Hjartesamling» gir barnehagane eit godt system på korleis dei kan jobbe med dette slik at barn blir i betre stand til å beskytte seg sjølv, seie ifrå og respektere andre sine grenser. Alt materiell til Hjartesamling er tilgjengeleg på nettressursen [meistrelivet.no](http://www.meistrelivet.no).

Foreldrenettverk

Forelderrolla og samarbeidet med barnehage/skule har mykje å seie for at barn skal bli robuste. Eit nytt tiltak når det gjeld foreldresamarbeid er å legge til rette for foreldrenettverk. Det er eit uformelt møte for og av foreldre. Det handlar om at foreldre på ei avdeling i barnehagen eller i ein skuleklasse blir kjent med kvarandre gjennom sosiale møtepunkt. Foreldre er barna sine viktigaste støttespelarar og rollemodellar. Det er eit stort ansvar, og det er mykje foreldre skal ta standpunkt til. Då kan det vere godt å ha nokon å dele erfaringar med som har barn på same alder. Foreldre må snakke saman for å bli godt kjent og på den måten vere ei god støtte for kvarandre i forelderrolla. Det vil då vere enklare for foreldre å sette tydelege grenser for barna sine.

Saman om barn og unge (SABU- treet)

Kven kan hjelpe meg? Kva finst av hjelp? Kva gjer eg om eg vert bekymra for ein elev på skulen min? Kva gjer eg om eg ser at naboenta har det vanskeleg? Dette er spørsmål som du får svar på i det i SABU – treet som ligg på heimesida til Luster kommune. Verktøyet skal vere til hjelp for innbyggjarane i Luster samt tilsette som jobbar med barn og unge: [Saman om barn og unge](#)

Ungdomslos og oppfylgningstenesta for ungdom

[Ungdomslos er eit tilbod til](#) elevar på ungdomsskulane i kommunen for å auke trivsel på skulen, auke meistringskjensle og førebyggje fråvær. Ungdomslosen skal samarbeide tett med foreldra til ungdommane eller andre omsorgspersonar og hjelpe dei med å støtte ungdommane sin skulegang.

Frå hausten 2025 har kommunen tre ungdomslosar der ungdomslosen med størst stillingsprosent (80 %) er finansiert av ordinære driftsmidlar under Oppvekst medan ordninga med jentelosar (40 % stilling fordelt på to tilsette) er prosjektfansiert for ein periode på tre år; 2025 – 2027.

Ungdomslosen kan mellom anna hjelpe til med:

- Følgje opp ungdom mellom 10 og 24 år
- Arbeide for å styrke skuletilknytninga, trivsel og meistring
- gi tett og tilrettelagt oppfølging i form av motivasjonsarbeid og rettleiing i og utanfor skulen og i overgangen mellom ulike fasar i opplæringsløpet
- vere tilgjengeleg og til stades på barnas og ungdommanes egne arenaer (skule, heim og fritid)
- hjelpe og motivere barn og ungdom i kontakt med nødvendige hjelpetjenester
- bidra til at hjelpen som gis i skolen og av andre aktører er heilhetlig og tilrettelagd
- ved behov samarbeide med føresette og andre viktige personar i ungdommens nettverk

Oppfølgingstenesta for ungdom (OT–tenesta)

Oppfølgingstenesta er ein del av rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune og rettar seg mot unge mellom 15 og 24 år og som ikkje har fullført vidaregåande opplæring. OT tilbyr karriererettleiing og rettleiing om sosiale og personlege tilhøve. Fylkeskommunen har hovudansvaret for OT, men tenesta byggjer på eit samarbeid mellom ulike instansar som har ansvar for ungdom. OT-rådgjevaren skal hjelpe til å samordne dei aktuelle tenestene for ungdom i målgruppa. Dette kan vere NAV, skule, bedrift, vaksenopplæring, karriere Vestland og samarbeidsorgan med fleire.

Fastlege

Fastlegane har ei viktig rolle både når det gjelder å avdekke rusbruk og syte for at pasientar med rusproblem får tilbod om oppfølging og eventuell behandling. Fastlegane må sikre at dei har tilstrekkeleg kompetanse og ta opp rusbruk med pasientane. Dette gjeld særleg i samband med førarkortforskrifta og legen sin plikt til mellom anna å kartlegge rusbruk. Fastlegen har også ansvar for at pasienten får nødvendig hjelp frå det regionale hjelpeapparatet dersom det trengs. Det er fastlegen som henviser til rusbehandling.

Helsestasjon – og skulehelsetenesta

Helsestasjon- og skulehelsetenesta sine kjerneoppgåver er førebyggjande og helsefremmande arbeid. Sentralt i dette arbeidet er tidleg intervensjon og tidleg innsats. Helsestasjonen er i dei fleste tilfelle den einaste offentlege instansen som ser barn og familiar jamnleg før barnet byrjar i barnehage. Helsestasjonen har difor ei viktig rolle i å styrke foreldra si meistring av foreldrerolla, oppdage eventuelle avvik i utvikling og avverge og avdekke vald, overgrep og omsorgssvikt hjå dei minste barna. Rus er fast tema ved fyrste svangerskapskonsultasjon hjå jordmor, og ved heimebesøk av helsesjukepleiar etter fødsel. Vidare er det tema på helsekonsultasjonane etter behov og vurdering av tilsette på helsestasjonen.

I skulehelsetenesta er rus fast tema i den individuelle helsesamtalen som helsesjukepleiar har med alle 8.klassingane. Det er også tema i samband med samlivsundervisninga i 10 klasse. Elles på førespurnad frå den enkelte skule.

Skulehelsetenesta bør arbeide med universelle tiltak for å førebygge bruk av tobakk, alkohol og rusmiddel, og dette arbeidet bør gjerast i samarbeid med skulen.

Helsestasjon for ungdom (HFU)

Luster helsestasjon har HFU med moglegheit for drop-in time hjå lege og helsesjukepleiar kvar torsdag ettermiddag. Målgruppa er ungdom i alderen 13-20 år og tenesta er gratis. Her kan ungdom ta opp tema og problemstillingar som er aktuelle for dei.

Frisklivssentralen kan samarbeide med helsestasjonen om t.d foreldrekurs, livsstilsrettleiing og andre kurs som til dømes snus- eller røykeslutt

Psykisk helseteam

Psykisk helseteam består av: av psykiatriske sjukepleiarar, ruskonsulent, psykiatrisk vernepleiar, psykolog, erfaringskonsulent, miljøterapeut og sosionom.

Luster kommune har eit differensiert tilbod til brukargruppa der bla spesialisthelsetenesta, kriminalomsorg, Nav, tannhelsetenesta og frivillige er viktige samarbeidspartar.

Ein har fokus på å tilby personar med rusutfordringar og deira pårørande eit heilskapleg tilbod. Dette ved å bl.a. ha individuell plan på plass når det er trong for samansette og koordinerte behov (dersom brukaren samtykker til det), jf.» Lov om kommunale helse- og omsorgstjenesten § 7-1» og «Lov om pasient- og brukerrettigheter § 2-5.

Oppfølging kan bestå av individuelle samtalar, råd og rettleiing, motivasjonssamtalar og tett oppfølging av den enkelte brukar. Ein kan kartlegge behandlingsbehov og andre behov, og kartlegge misbruk av rusmidlar. Det kan vere par-samtalar, barn og pårørande arbeid, hjelp til å få søkt om innlegging innan rus eller psykiatri via lege, samt oppfølging før, under og etter innlegging på institusjon. I tillegg kan det vere trong for rettleiing og hjelp til for eksempel legebesøk, Nav arbeid/arbeidstrening og skule/studie. I nokre tilfelle der det er naudsynt kan ein drive oppsøkande arbeid. Det blir også jobba med å forebygge overdosedødsfall og rusrelatert død.

Psykisk helse og rusteneste har ulike aktivitetstilbod som trening på Luster treningssenter, dagtilbod, kurs innan RPH (Rask Psykisk helsehjelp),sjølvhjelpsgruppe og organiserte fellesturar.

Kommunepsykologen

Psykisk helseteam har kommunepsykolog. I dette ligg ei klar styrking av tilbodet til personar med psykiske problem og/eller rusmiddelutfordringar. Kommunepsykologen ivaretek psykologiske, faglege oppgåver i samarbeid med til dømes helsestasjonen, legane, Psykisk helseteam inkl ruskonsulent og erfaringskonsulent, og Sogn barnevern.

Erfaringskonsulent

Ved å tilsette erfaringskonsulent har kommunen fått brukarkompetanse som blir brukt aktivt i heile tenesteapparatet (fastlegar, psykisk helseteam, ruskonsulent, NAV, ungdomsskular, politi m.m.).

Kunnskapen til erfaringskonsulenten er også etterspurd av andre; førelesar på konferansar, ulike møtefora, politi, ungdomsskular mm. Vi ser nå etter kvart som det er allment kjent at kommunen har erfaringskonsulent, at fleire brukarar tek direktekontakt for å få hjelp. Ved at brukarane får snakka med ein som har vore avhengig sjølv kan det føre til styrka sjølvkjensle og motivasjon.

Ruskonsulent

Ruskonsulenten gjev eit individuelt tilpassa tenestetilbod til alle som har eit rusproblem. Fokus er på førebygging, behandling og rehabilitering. Oppfølginga består av individuelle samtalar, heimebesøk, rettleiing, kartlegging, arbeid med familiar m.m.

AKAN (kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk på arbeidsplassen)

Dei fleste kommunar og andre større verksemdar har AKAN-kontakt og eventuelt eit AKAN-utval. Erfaringskonsulent er AKAN-kontakt i Luster, og det er val av AKAN-kontakt annakvart år. I Luster kommune er arbeidsmiljøutvalet (AMU) AKAN-kontakt og AKAN-utval. Det er anonymitet i sakene, og kun AKAN-kontakten kjenner den einskilde saka.

Verksemda har ein unik moglegheit til å gripe inn når ein arbeidstakar har eit problematisk forhold til alkohol eller andre rusmiddel som påverkar jobben. Gjeld også speleavhengigheit. Det er avgjerande for den einskilde at arbeidsgjever ikkje seier vedkommande opp, men tilbyr oppfølging i jobbsituasjonen så lenge arbeidstakaren held AKAN-avtalen som er inngått.

Det er viktig at AKAN-kontakt og personalansvarleg har naudsynt kompetanse og at dei får tid til å utføre dette arbeidet. Det er også avgjerande å få ut informasjon om AKAN slik at både leiarar og tilsette veit at det finst, og korleis det fungerer.

Rask psykisk helsehjelp

Tilbodet Rask psykisk helsehjelp (RPH) er etablert i kommunen. Tilbodet er eit gratis lågterskeltilbod for dei over 16 år med ulike angstproblem og/eller depresjon av lett til moderat grad, begynnande rusproblem evt. med søvnvanskar i tillegg. Målet er å gje eit tilbod innan ein til to veker. RPH er anbefalt av Helsedirektoratet og er nå etablert i fleire og fleire kommunar. Kommunepsykologen har det faglege ansvaret for RPH.

Rådgjevane einheit for russaker

Frå 1.juli 2022 blei det lovfesta at alle landets kommunar skulle ha ei rådgjevande eining for russaker. Den rådgjevande eininga for russaker skal ha ansvaret for å møte personar når oppmøte er satt som vilkår for ein bestemt strafferettsleg reaksjon, inkludert gjennomføre ruskontroll dersom dette er satt som vilkår.

Kommunen har utarbeida prosedyre for rådgjevande einheit for russaker:

<https://kvalitet.luster.kommune.no/document/502>

Rådgivande eining for russaker i Luster består av ruskonsulent, erfaringskonsulent og kommuneoverlege. Ruskonsulent og erfaringskonsulent har den utøvande rollen i høve planlegging og praktisk gjennomføring av samtalen/møtet.

NAV – Flyktingetensta

Hovudmåla til Nav er:

- ✓ Fleire i arbeid og aktivitet – færre på stønad
- ✓ Redusere utenforskap og forbedre levekår, særleg for unge og barnefamiliar
- ✓ Arbeidsinkludering for alle, uavhengig av bakgrunn eller utfordringar
- ✓ Heilskaplege og samordna tenester mellom stat og kommune
- ✓ Bekjempe fattigdom og sikre inntekt i ulike livssituasjonar

Å arbeide er ein grunnleggjande føresetnad for å kunne ta del i samfunnsfellesskapet. Arbeid gjev det økonomiske grunnlaget for eit sjølvstendig liv og har positiv effekt på helse og livskvalitet. Nav har særskilt fokus på unge som står utanfor arbeid og utdanning, og følger saman med helsetenesta tett opp dei som har utfordring med bruk av rus. Nav samarbeider og yter bistand til arbeidsgjevarar og tilsette, slik at sjukmelde med rusproblem kan behalde og kome tilbake til jobben sin.

Tilgjengelege tenester

Nav har tilgjengeleg tenester 24/7 digitalt gjennom www.nav.no og «Min side». Me har kun ope for ad-hoc henvendingar tysdagar kl. 12-14, men har avtalte møter utanom det og individuell oppfølging frå rådgjevarar på Nav. Me har vakttelefon for sosiale tenester, der nummeret er tilgjengeleg ved inngangen vår, og på kommunen si heimeside.

Nav legg til rette for fleksible løysingar, gode brukarmøter og utviklar kontinuerleg vår relasjons- og inkluderingskompetanse i tråd med endringane i samfunnet.

Dersom ein treng hjelp til å bruke Nav sine tenester på nett, eller ein har andre spørsmål omkring saka si, kan ein få hjelp til dette via Kontaktsenteret sin telefon eller chat. Alle som ringjer Nav sitt hovudnummer 55 55 33 33 kan bli overført til rådgjevarar med særskilt fagkompetanse innanfor kvart felt, eller få lagt igjen beskjed slik at rådgjevar kan ta kontakt når det høver.

Inntektssikring

Dersom det er dokumentert at rusbruken, medfører helseproblem og redusert arbeidsevne, kan vedkomande ha rett på sjukepengar eller arbeidsavklaringspengar- og i nokon tilfelle heil eller delvis uføretrygd. Dersom ein ikkje har eit tilsetjingsforhold eller andre trygdeytningar, kan ein ha rett på økonomisk stønad til livsopphald. Økonomisk sosialhjelp vert ytt ut frå ein individuell behovsvurdering og skal sikre naudsynt livsopphald som td. mat, straum og bustad.

Aktivitetskrav

Det er knytt aktivitetskrav til ytingar som AAP, sjukepengar etc. Det betyr at brukarar som mottok desse ytingane må vere aktive i si eiga tilfriskning og gjere det dei kan for å kome tilbake til arbeidslivet. Krava til aktivitet skal vere hensiktsmessige og det kan t.d. vere å følge eit behandlingssopplegg i regi av helsevesenet. Tiltak i regi av Nav kan vere arbeidspraksis, avklaring, ordinær jobb med tilskot, kurs e.l. og skal vere ein del av eit tverrfagleg opplegg rundt brukaren.

Mottakarar av økonomisk sosialhjelp kan også få vilkår om aktivitet. Vilkåra skal ikkje vere særskilt byrdefulle eller avgrense fridomen til vedkomande, men kan til dømes vere å delta på norskopplæring eller møte til samtalar. For mottakarar under 30 år er det aktivitetsplikt.

Samarbeid

Det er viktig at NAV og dei andre i hjelpeapparat samarbeider tett slik at krav som vert stilt til brukaren inngår i ein meningsfull samanheng og kjem til rett tid. Det er eit mål at aktiviteten vert utarbeida i samråd med brukaren og at det dermed blir ei positiv oppleving for vedkomande. Personar med eit aktivt rusmisbruk, kan av og til vere ueinig i krav som blir stilt eller dei mislukkast i å fylle krava. Dette får konsekvensar og kan føre til at ytinga frå Nav blir stansa. Å merke negative konsekvensar som resultat av rusmisbruk kan vere naudsynt for å få til endringsprosess hjå brukaren. I slike høve er det naudsynt med tett samarbeid med lege, psykolog, erfaringskonsulent og andre som fylgjer opp brukaren. Hjelpeapparatet må ha ei felles forståing av situasjonen og kva som skal til for å hjelpe brukaren vidare.

Nav inkludert flyktningteneste og vaksenopplæring har tett samarbeid med psykisk helseteam- og rusteamet i kommunen.

Individuell jobbspesialist

Nav region Sogn har tiltak med Individuell jobbspesialist (IPS) i samarbeid med Helse Førde, desse held til ved poliklinikken i Sogndal. Tiltaket skal tilby ungdom og vaksne med psykiske lidningar og/eller rusavhengigheit som drøyer om å ha eit vanleg ordinært arbeid, oppfølging og hjelp til å nå yrkesmålet sitt. Regionen har eit mål om å få til eit samarbeid mellom kommunane om fleire ressursar innan IPS.

Miljøarbeidar/ miljøterapeut til flyktningar

Me har to stillingar som føl opp flyktningar i samband med busetjing og inkludering i lokalsamfunnet. Dei arbeider oppsøkjande og formidlar kontakt til andre instansar der det er behov for det.

Økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving til vanskelegstilte.

Nav Luster har i dag ein økonomisk rådgjevar i 60 % stilling. Målet er å hindre fattigdom hjå barn og deira familiar, unge vaksne og andre som er i utanforskap eller har låginntekt. Det er eit viktig lovpålagt tilbod til personar med økonomiske vanskar i kommunen. Nav kan også tilby forvaltning, noko som kan vere hensiktsmessig ved disponeringsvanskar.

Barnevern

Barneverntenesta skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling får nødvendig hjelp og omsorg. Barnevernstenesta deltek i førebyggjande systemsamarbeid, og yter tiltak i den einskilde familie etter behov.

Politi

SLT Politiråd Luster, Sogndal og Vik

Kommunane Luster, Vik og Sogndal og politiet har etablert eit regionalt SLT Politiråd (SLT = Samordninga av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak).

- SLT er ein modell for samordning og ikkje eit aktivitetsprogram. Målet er å få meir ut av allereie igangsette tiltak ved at forskjellige sektorar støttar og utfyller kvarandre sitt arbeid. Særleg fokus er barn og unge. Status på rusområdet og oppdatering om førebyggjande tiltak og prosjekt er faste tema på møta i politirådet.
- Organet er eit samarbeid mellom dei tre kommunane og politiet der kvar kommune har ei koordineringsgruppe/undergruppe lokalt. I Luster er dette SLT Familieforum.
- Organet er forankra i kvar kommune ved deltaking av ordførarane og representant(ar) frå administrasjonen, politiet ved regionlensmann og kvar kommune sin politikontakt.

Det er avtalt å halde fire møte i året, og det har etter kvart blitt eit godt organ for informasjonsutveksling mellom politi og kommune. Referata frå møta er offentlege.

Politikontakt

Som følgje av Nærpolitireforma vart det oppretta ein ny funksjon «politikontakt» i alle kommunar. Politikontakt er eit bindeledd mellom kommunen og politiet mellom anna for å få etablert eit godt førebyggjande arbeid. Målet er at politi og kommune skal samarbeide tettare og meir systematisk. Politikontakten er politiet sin daglege kontaktledd med kommunen, og rådgjevar innan kriminalitetsførebyggjande arbeid. Det er inngått gjensidig [forpliktande avtale om arbeidet mellom kommunen og politiet](#).

ATS (Arbeids- og treningscenteret)

Er eit opplærings –og arbeidstilbod for personar med ulike behov for tilrettelagt arbeid. Tilbodet er behovsprøvd. ATS samarbeidar med næringsliv, NAV og kommunale einingar.

Frisklivssentralen Sogn

Frisklivssentralen Sogn er ei interkommunal helsefremjande og førebyggjande teneste for Luster og Sogndal kommune. Tenesta arbeider systematisk med faktorar som påverkar risiko for rusbruk, gjennom tilbod som snus- og røykeslutt, søvnkurs og søvnretteleing, kosthald, fysisk aktivitet og støtte til endringsprosessar.

Frisklivssentralen har kompetanse på livsstilsending og meistring, og kan bidra både med individuelle samtalar og gruppebaserte tilbod. Tenesta ønskjer tett samarbeid med helsestasjon, skule, psykisk helseteam, NAV og andre einingar, samt delta på møteplassar som ungdomsklubbane. Ei sterkare involvering av Frisklivssentralen vil styrkje kommunen sitt førebyggjande arbeid og er i tråd med folkehelselova og nasjonale strategiar for tidleg innsats og helsefremjande tiltak.

Nattugler

Nattuglene er eit samarbeid mellom frivillige lag og org., Luster og Sogndal kommune. Nattuglene er foreldre og andre frivillige vaksne som er ute i Sogndal på fredagar, laurdagar, og ved andre større arrangement. Det er også nattugler ved større arrangement i Gaupne. Nattuglene spelar ei sentral rolle i kriminal- og rusførebyggjande arbeid. Det er årleg informasjon og rekruttering på foreldremøta ved ungdomsskulane og på VGS.

Det har vore bra rekruttering av nattugler, og det at ordførarane stiller opp natt til 1. mai har gjeve ein god signaleffekt. Dette å berre vera tilstades har vist seg å vere nyttig. Ein er nattugler for alle, men har fokus på ungdommen. Frivilligsentralen i Sogndal fungera som sekretariat.

Transport for ungdom

Transport for ungdom mellom 13 – 19 år

Gjeld transport til og frå alle arrangement for ungdom i Luster kommune, også trening/øving, møte og kurs. Eigenandel kr. 50 pr. veg. Andre passasjerar eldre enn 19 år betalar full pris.

Vaktverksemd ved festarrangement

Sjekk - Den som vil lage eit arrangement som er allment tilgjengeleg, må sende melding i god tid til politiet. [Sjå forskrift om politivedtekt, Luster kommune her](#)

Politiet.no har pr i dag eit skjema for melding om offentlege arrangement.

Brukarmedverknad

Brukarar av kommunale rustenester har rett til å medverke i utforminga av sitt tenestetilbod, og tenestene har også ein tilsvarande plikt til å legge til rette for slik medverking og involvering. Medverking er heimla i *Lov om pasient og brukerrettigheter* og i *Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester*. Bla. skal kommunen sørge for at representantar for pasient og brukarar blir høyrte ved utforminga av kommunen sin helse og omsorgsteneste.

Ved å tilsette erfaringskonsulent har kommunen fått brukarkompetanse som blir brukt aktivt i heile tenesteapparatet (Fastlegar, psykisk helseteam, ruskonsulent, NAV, ungdomsskular, politi m.m.). Kunnskapen til erfaringskonsulenten er også etterspurd av andre; førelesar på konferansar, ulike møtefora, politi, ungdomsskular mm.

Pårørande, barn som påørande

Pårørande utgjer ofte ein viktig ressurs i den rusavhengige sitt nettverk. Samtidig påverkar misbruk heile familiesystemet, og påørande kan ha behov for råd, rettleiing og hjelp for å handtere ein ofte veldig belastande situasjon. Psykisk helseteam nyttar [Pårørande- rettleiar frå Helsedirektorat](#) i sitt arbeid.

Barn som påørande Barn av rusavhengige er i ein særskilt risikofylt situasjon. Barneansvarleg i Luster kommune er leiande helsesjukepleiar. Det vart i 2019 utarbeidd og vedteke prosedyre for barn som påørande. Prosedyren gjeld alle tilsette i kommunen som yter hjelp til brukarar med psykisk sjukdom og rusutfordringar, alvorleg somatisk sjukdom eller skade. Målsetjinga med den nye prosedyren er:

- Å sikre risikoutsette barn og unge tidleg hjelp i samband med foreldre sin sjukdom, skade eller avhengigheit.
- Å hjelpe foreldre til å ivareta barna sine behov.
- Å sette barn og foreldre betre i stand til å meistre situasjonen når foreldre opplever psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigheit, alvorleg somatisk sjukdom eller skade.
- Å sikre at alt helsepersonell i Luster kommune ivaretek barn når foreldra har psykisk sjukdom, rusmiddelavhengigheit, somatisk skade eller sjukdom.
- Å sikre nødvendig samarbeid mellom fagpersonar og instansar, om familien sine behov.

[Kommunen sin prosedyre og framgangsmåte ligg under Barn som påørande i SABU-treet](#)

Folkelohelseinstituttet (FHI) anslår at det er 90 000 barn og unge under 18 år i Norge som er påørande til ein forelder som brukar rusmiddel på ein måte som belastar dagleg fungering og funksjonar.

Betaling for ferdigbehandla pasientar

Samhandlingsreforma har sidan den trådde i kraft i 2012 også omfatta rus og psykisk helse. Nytt frå 01.01.2019 er at det blei innført betalingsplikt for ferdigbehandla pasientar innan rus- og psykiatri på linje med andre pasientgrupper.

Pakkeforløp

I 2019 vart det innført eigne pakkeforløp for ruspasientar som har bestemte krav til samhandling før, under og etter behandling i spesialisthelsetenesta.

Å vere ein del av eit pakkeforløp vil seie at du som pasient får eit «utgreiings- og behandlingsforløp» som er heilskapleg og utan unødig ventetid. Pakkeforløp inneber at du som pasient skal få vite kva som skal skje, når det skal skje og kven som har ansvaret. Pakkeforløpet startar i kommunen / hjå fastlege, men blir registrert først når spesialisthelsetenesta mottek henvisning. Ved samtidige tenester skal kommunen sin kontaktperson vere oppgitt i henvisninga.

Tverrfagleg samarbeid

SLT Familieforum

(SLT = Samordning av førebyggjande tiltak) SLT Familieforum er eit tverrfagleg samarbeidsmøte på systemnivå. Dette er ein møteplass for faggrupper som har barn, unge eller familiar som målgruppe. Faggruppene som deltek: Helsestasjon /skulehelsetenesta, PPT, barnevern, psykisk helseteam (inkl. ruskonsulent og psykolog), konsulent for menneske med nedsett funksjonsevne, flyktningetenesta, folkehelsekoordinator, politikontakt, NAV og oppvekst. BUP deltek fire gonger i året. Her er det mogeleg å drøfte enkeltsaker i mindre grupper. Leiande helsesjukepleiar er leiar. Alle har ansvar for å melde inn saker.

Føremålet med Familieforum er:

- Drøfte tverrfaglege problemstillingar (t.d. rus, psykiske plager, åtferd)
- Sikre informasjonsflyt - informere kvarandre om kva som skjer eller er planlagt framover i dei ulike instansane
- Utvikle felles strategi i høve til ulike problemstillingar og utviklingstrekk
- Dele kompetanse – internundervisning
- Lokal koordineringsgruppe for Politiråd Luster og Sogndal

Koordinerende eining (KE)

Koordinerende eining er ein tverrfagleg møteplass som skal sikra samhandling og koordinering av tenester til brukar/pasient, både nye og etablerte, med særleg vekt på brukarar med samansette behov. KE har mynde til og ansvar for å innvilga retten til individuell plan og koordinator etter søknad og slik bidra til eit heilskapleg tilbod til personar med behov for sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering. KE skal leggja til rette for og formalisera samarbeid mellom ulike nivå og tenesteområde og er eit kontaktpunkt for samhandling med spesialisthelsetenesta. KE er etablert på tvers av tenesteeiningar i kommunen og har eit tydeleg mandat og mynde. Normalt vert det halde tre møter kvart halvår, seks møte per år. Kommunalsjef for helse, omsorg og sosial er leiar av KE.

HSP-møte (Helse- og sosialpedagogisk team)

Lågterskel systemmøte mellom den einskilde skule eller barnehage og skulehelsetenesta, PP-tenesta og barnevernet. Møta kan nyttast til å drøfta aktuelle/generelle problemstillingar, eventuelt case, som gjeld barne- og ungdomsmiljøet. Alle deltakarane kan melda inn saker eller case.

Viss einskildsaker skal drøftast må dette skje anonymt, eventuelt ikkje-anonymt med skriftleg samtykke. Faste punkt på dagsorden er status oppfølging frå sak/saker førre møte, skulemiljø / klassemiljø, fråvær og særskilte saker (tema- eller individsaker). Dei minste skulane har minimum to møte per år i HSP, dei største einingane har sju møte. Ved dei tre større barnehagane og skulane møter barnevernet ein gong om hausten og ein gong om våren. Ved dei andre einingane møter barnevernet på eitt møte om hausten og ved behov også på eitt møte om våren.

Bustadsosiale tilhøve

Både nasjonal og lokal politikk har som bustadpolitisk mål at alle skal ha ein god stad å bu, og at alle med behov for tenester skal få hjelp til å meistre sitt buforhold.

Lokale mål og strategiar for kommunen sitt bustadsosiale område står omtalt i kommunen sin Bustadsosiale handlingsplan 2015 - 2019. Ny bustadplan er under arbeid. Fleire tiltak med betydning for rusfeltet har blitt realisert.

[Housing first](#) starta som prosjekt og er nå implementert som metode for å tilby rusavhengige gode bustader. Metodikken inneber tett individuell oppfølging, med sterk vekt på brukar sine ønsker og behov.

Tilskot til etablering/tilpassing.

Tilskotet skal medverke til etablering i eigen bustad for vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det skal og sikre at vanskelegstilte kan bli buande i ein eigen bustad. Det kan og søkjast om tilpassing til bustad dersom nokon i husstanden har nedsett funksjonsevne og har særskilte behov for å gjere bustaden betre eigna.

Startlån

Husbanken gjev lån til kommunen for vidare utlån til enkeltpersonar. Startlån skal syte for at personar med langvarige bustadfinansieringsproblem kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde denne. Føremålet med startlån er at det skal bidra til gode løysingar for vanskelegstilte på bustadmarknaden slik at desse kan få eit trygt og godt buforhold.

Bustønad

Bustønad er ei statleg økonomisk støtteordning for dei som har høge bu-utgifter og låg inntekt.

Brannsikkerheit

All kunnskap og statistikk viser at personar frå «utsette grupper» er overrepresentert som skada, eller omkomme i brann. 9 av 10 døyr i brannar som skjer i heimen, 8 av 10 omkomne tilhøyrer «utsette grupper».

Myndighetene har definert 5 grupper menneske i kategorien «utsette grupper»: Heimebuande eldre – rus – psykiatri – funksjonsnedsetting - innvandrarar.

Det er difor viktig at desse gruppene har best mogeleg branntryggleik. Bustadar som har montert sprinkelanlegg eller har seriekobla røykvarslarar direkte til brannvesenet bør prioriterast til brukargruppa. Etter 2010 vart det pålagt med komfyrvakt i alle nye bustadar. Også for alle kommunale bustadar bygd før den tid blir det nå installert komfyrvakt.

Luster kommune samarbeidar med Sogn brann og redning IKS i høve utsette grupper og førebygging. Tiltak som er sett i verk:

- Trygg heime, ei vurderingsliste, til vurdering av brukar og behov for tiltak.
- Informasjonsbrosjyre til tilsette, om arbeidet - utsette grupper.
- Informasjonsbrosjyre til brukarar, om branntrygghet i heimen.